

Notat

Til: Opplærings- og helseutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/24-1

Dato
02.01.2014

Svar frå Fylkesrådmannen på spørsmål i OPHE 03.12.13.

Fylkesrådmannen viser til møtebok frå møte i Opplærings- og helseutvalet 03.12.13:

«**Rasmus L. Rasmussen** sette fram følgjande oversendingsforslag:

«OPHE ber eigedomssjefen om å vurdere det fysiske arbeidsmiljøet v/Austrheim vidaregåande skule og koma tilbake til OPHE med eit notat om situasjonen og eventuelle tiltak som vert sett i verk».

Måndag 02.12.13 var ei tverrfagleg gruppe frå eigedomsseksjonen på befaring ved Austrheim vidaregåande skule. Bakgrunnen for befaringa var å få ein tverrfagleg gjennomgang av bygget med tekniske installasjonar med tanke på rehabilitering av den delen av skulen som Hordaland Fylkeskommune eig.

På grunn av den usikkerheita som har vore for skulen si framtid har ei større rehabilitering avventa vedtak om ny skulebruksplan. Med dei vedtaka som nå er gjort der skulen si framtid må sjåast som avklåra, vil eigedomsseksjonen i første kvartal 2014 fremja politisk sak som omfattar ei større rehabilitering både av bygget og dei tekniske installasjonene. Det kan forventast at sjølve rehabiliteringsarbeidet blir igongsett i løpet av hausten 2014.

